

Vedtak

I medhald av §§ 19-2, 20 – 1 m, 21-4 og 26-1 i plan- og bygningslova (PBL) vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for Stord og løyve til frådelling i samsvar med søknaden på følgjande vilkår:

1. Eigedomsgrenser for den nye parsellen skal vera som vist på kart stempla RBO 25.05.2016.
2. Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan for Stord, då arealføremålet er i samsvar med kommunedelplan for Leirvik, vedteken 06.12.07.
3. Arealet skal nyttast til næringsføremål i samsvar med kommunedelplan for Leirvik.
4. Før utbygging av eigedomen kan skje skal det utarbeidast detaljregulering for området. Denne skal syne tilkomst og tekniske planar for VA-løysinga for eigedomen.

Handsaming

Samrøystes vedteke.